



Møtereferat

Føremål: Halvårleg evaluering av utviklinga av tilbodet innan dei prehospitale tenestene i Askvoll

Møtetid: Tysdag 20.12.2022 kl. 13.00 – 14.30

Sted: Teams

Referent: Stian Sægrov

Møteleiar: Stian Sægrov

Deltakarar			
Namn	Tittel/funksjon	Eining	Forfall
Arve Varden	Administrerende direktør(AD)	Helse Førde	x
Tom Guldhav	Prosjektleder – klinikkdirektør	HF Kirurgisk klinikk	x
Stian Sægrov	Ambulansesjef	HF Ambulansetenesta	
Ole Andre Klausen	Ordfører	Askvoll kommune	
Martin Kramprud Lundgård	Kommunaldirektør	Askvoll kommune	

REFERAT

Saknr/2022	Sakliste	Ansvarleg
Innleiing	<p>Ansvar for å leie møtet vart gitt til Stian Sægrov. Han orienterte om bakgrunn for møtet med å vise til styresak 073/21 i Helse Førde om prehospital plan fase 3 og intensjon om tett dialog med halvårleg evaluering med aktuelle kommuner.</p> <p>Helse Førde legg fram ei styresak over nyåret kor ein gjer gjere for evaluering av arbeidet med prehospital plan.</p> <p>Ved neste evaluering våren 2023 er aktuelt å invitere med fleire av kommunane som Fjaler, Hyllestad og ev Høyanger. Endringa i Fjaler frå to døgn – til ein døgn og dagambulanse vil tre i kraft frå medio februar 2023.</p>	
01	<p>Godkjenning sakliste</p> <p>Det vart semje om å tilføre saklista eit punkt.</p> <ul style="list-style-type: none">• Orientering om status legevaktsatelitt i Askvoll. <p>Vedtak: Sakliste for dagens møte vart godkjent med det ekstra punktet.</p>	
02	<p>Helse Førde gjennomgår logg og erfaring, med særskilt fokus på endringar etter 1.mai 2022</p>	

	<p>Fakta frå Bliksund – aktivitetsoversikt: bilambulanse, båtambulanse, beredskapsferje Askvoll-Gjervik og førespurnadar for luftambulanse-opppdrag i Askvoll kommune.</p> <p>Sægrov gjennomgjekk tal frå Helse Førde sine system for verksemdsdata. Sjå vedlegg i eigen presentasjon.</p> <p>Ingen avvik eller hendingar er registrert så langt. Ei klage knytt til pasient som ikkje fekk beredskapsferje er det einaste som føreligg.</p> <p>Det føreligg planverk for å setje inn kompensierende tiltak dersom t.d. uvær, men dette har til no ikkje blitt sett i verk.</p> <p>Ingen konkrete hendingar er meldt frå Askvoll kommune. Det opplevast at konsekvensar for reisande med ferje Askvoll-Gjervik har gått seg til. Mellom anna har Fjord 1 lagt ut god informasjon og sett opp ekstra avgangar.</p> <p>Konklusjon: Ingen avvik eller hendingar er registrert så langt. Det har heller ikkje fram til no vore behov for å sette inn kompensierende tiltak. Ekstraferje har fungert godt og etter intensjon.</p>	
03	<p>Risiko og beredskap</p> <ul style="list-style-type: none"> • Revidert ROS for Akuttmedisinsk kjede i Askvoll • Plan for utfordrende situasjoner • Akutthjelperordning for Askvoll og Øyane <p>Sægrov innleia og orienterer om utvikling i responstider for heile kommunen. Generelt sett har responstidene både for Askvoll og øyane blitt kortare i 2022, mot 2021.</p> <p>Helse Førde vurderer ut frå talmateriale at akutt-tilbodet frå Helse Førde viser seg å vere i samsvar med saksframlegg i styresaka. Løysingane er stabile og føreseielege.</p> <p>Dei nye ambulansébåtane både i Solund og Florø har fått prøvd seg i krevjande vær og oppdragsituasjonar. Mannskapet ombord er godt tilfreds med sjøeigenskapane og navigasjonsmogelegheiter. Det er ikkje mottatt klager og missnøye frå brukarar knytt til komfort eller eigenskapar.</p> <p>Askvoll kommune har fått akutthjelparordning gjennom brannvesenet i Askvoll. Kommunehuset har overtatt tidlegare hjertestartar. Sægrov vil avklare med SNLA om moglegheiter for hjertestarter til depota på øyane.</p> <p>Helse Førde har saman med dei andre helseføretaka i regionen utforma eit felles avtaleutkast til suppleringsambulanse-teneste. Tidlegare ordning med transport-ordning gjennom grendelaget, kan ev inngå gjennom ei slik ordning som er førespelga. Ei transportordning på øyane vil særleg ha positiv effekt på å korte ned transporttid til sjukehus og har vore eit positivt bidrag i akutt-tilbodet på Værlandet / Bulandet. Tilsette på ambulansébåten opplever at ordninga med å gå til Værlandet og ta bil derifrå er ei ordning som og fungerer godt.</p>	

	<p>Sægrov informerer om ordninga video 113 som er innført. Dette er blant anna prøvd ut for befolkninga på øyane og har unngått innleggelse. Kommunen orienterer om at dei også nyttar video i helsetenesta.</p> <p>Askvoll kommune opplever og at tilbodet er i samsvar med det som er førespegla. Kommunen er uroa for konsekvensane på kveld og natt når siste endringane på ambulanse i Fjaler trer i kraft.</p>	
04	<p>Tilbakemelding/innspeil fra Askvoll kommune</p> <p>Ingen saker ut over det som er tatt opp under dei andre punkta.</p>	
05	<p>Evt. innspeil fra prosjektgruppa i prehospita plan</p> <p>Sægrov fortel at prosjektleiara for prehospita plan fase 2 og 3, klinikkdirrektør Tom Guldhav, hadde siste møte i prosjektgruppa den 04.11.22.</p> <p>Prosjektgruppa er no avvikla sidan planarbeidet er ferdig og at oppfølging av planen er driftsorganisasjonen sitt ansvar.</p>	
06	<p>Andre forhold</p> <ul style="list-style-type: none"> • Brøyting ved kaier (Sauesundet, ytterste kai i Askvoll), kai ved butikk Nikkøy i Bulandet, fiskeriindustri Bulandet, Fiskerikaia Værlandet. Fleire av kaiene er private. Kommunen sjekker ut kven som har brøytinga på Fiskeriindustri på Bulandet og Fiskerikaia på Værlandet. • Fending ved kaier (ytterste kai i Askvoll – bilder sendt før). Kommunen opplyser at dette er ei privat kai, (Sølvberg) • Innspeil frå Atløy grendelag – plassering av ambulansebil i Sauesundet. Kommunen har ikkje synspunkt på om Helse Førde ser på alternative lokaliseringar på Atløy. • Legevaktsatelitt. Kommunen har varsla at dei legg ned ordninga dersom det ikkje blir vidareført økonomisk støtte for ordninga. Det har i snitt vore ein kontakt kvar tredje dag. Sjølv om ordninga blir lagt ned, ser kommunen for seg å prøve å halde i gang ei ordning med bruk av video mot legevakta for eigne brukarar på omsorgssenteret. <p>Til slutt i møtet gjentok Sægrov at målsetjinga er å legge fram ei sak for styret i januar der ein evaluerer dei prehospitale tenestene i Askvoll i tråd med styresaka av 25.11.2021.</p> <p>Dersom det er skriftlege innspeil til evalueringsarbeidet frå Askvoll kommune til Helse Førde ynskjer vi dette innan 31.12.2022.</p>	